



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Silje Tingstad, 55 57 20 31

Vår dato
26.02.2014
Dykkar dato
09.12.2013

Vår referanse
2013/16029 461.5
Dykkar referanse

Jarle Fanebust
Fonnestvegen 186
5955 LINDÅS

Løyve til mudring i Fanebustsjøen og dumping av massar i Fensfjorden

Fylkesmannen i Hordaland gir Jarle Fanebust løyve til å mudre ved eigedomen sin ved Nautevågen på gnr./bnr. 106/1 og 106/26. Massane skal dumpast i Fensfjorden på stad som avmerka på kart i søknaden. Løyvet er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Løyvet følgjer vedlagt.

Vi viser til søknad frå Jarle Fanebust datert 9. desember 2013.

Høyring

Søknaden er sendt på høyring til Lindås kommune, Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum, Bergen og Omland havnevesen, Fiskeridirektoratet Region Vest og Bergen og Omland friluftsråd.

Bergen og Omland havnevesen kan ikkje sjå at tiltaket vil være problematisk etter hamne- og farvassloven, jf. brev 29. januar 2014. Viss dumping skal skje innanfor hovedled/biled i Fensfjorden må eigen søknad om dumping rettast til Kystverket. Etter kartet som var vedlagt søknaden skal dumpinga skje utanom hovedleden/bileden, så søknad etter hamne- og farvassloven må rettast til Bergen og Omland havnevesen.

Fiskeridirektoratet har ikkje merknader til tiltaket, jf. brev datert 25. februar 2014. Dei informerer om at Havforskningsinstituttet har registrert eit gyttefelt for torsk sør for området.

Vi har ikkje fått uttale frå Lindås kommune, Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum eller Bergen og Omland friluftsråd.

Grunngjeving for løyvet

Søknaden gjeld mudring av om lag 300 m³ massar utanfor gnr./bnr. 106/1 og 106/26 ved Fanebustsjøen i Lindås. Massane er planlagt dumpa i Fensfjorden på UTM 31 koordinatar N-6742679 E-292241.

Mudring og dumping er i utgangspunktet forbode, men ein kan få løyve frå Fylkesmannen.

Dette gjeld uavhengig av storleiken på tiltaket og forureiningstilhøva på staden. Alle vedtak etter forureiningsloven og tilhøyrande forskrifter skal også vurderast etter prinsippa i naturmangfaldloven og vassforskrifta. Dette løyvet frittek ikkje frå å innhente løyve etter anna lovverk, som til dømes hamne- og farvassloven.

Normalt skal massar undersøkjast for innhald av miljøgifter. Her er det ikkje gjort analysar av sjøbotnen fordi det er eit lite tiltak som skal gjennomførast og det er ikkje venta at det er forureina sjøbotn i området.

Det er ikkje sett spesielle vilkår for å hindre spreieing av partiklar. Det er likevel tiltakshavar sitt ansvar å hindre spreieing av partiklar, og sette i verk tiltak viss det blir naudsynt. De plikter å sørge for at den som skal gjennomføre tiltaket er kjent med dette løyvet.

Det er sett vilkår om at tiltaket skal gjennomførast utanom sommarsesongen, 15. mai til 15. september. Det er normalt eit ugunstig tidspunkt av omsyn til plante- og dyreliv i sjøen. Vilkåret er også sett av omsyn til bade- og friluftsliv ved Nautevågen friluftsområde, som ligg like i nærleiken av mudrestaden.

Mudre- og dumpestaden er i vassførekomsten Fensfjorden. Den økologiske tilstanden er sett til *god* og den kjemiske tilstanden er sett til *oppnår ikkje god*. Det står i Vann-nett at mange av rapportane som karakteriseringa byggjer på nødvendigvis ikkje er direkte relevant. Til dømes er Mongstad i same vassførekomst. Den kjemiske tilstanden utanfor Mongstad og i tiltaksområdet kan truleg ikkje samanliknast. Vi har vurdert det til at krava i vassforskrifta ikkje er til hinder for å gi dette løyvet.

Det er registrert eit gytefelt for torsk i nærleiken av tiltaksområdet. Fiskeridirektoratet har ingen merknader knytt til gytefeltet.

Søk i databasen Naturbase 25. februar 2014 ga ingen treff for verna område. Nautevågen friluftsområde ligg derimot like i nærleiken av mudrestaden. Morteskjeret, ikkje langt frå dumpestaden er registrert som eit yngleområde for rødnebbterne, makrellterne og fiskemåke. Fiskemåke er klassifisert som nært trua, men er utbredt over heile Vestlandet. Tiltaket vil ikkje ha effekt på fuglebestandane. Naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldloven § 8 om at saken skal vere basert på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er derfor oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldloven blir derfor tillagt mindre vekt.

Naturmangfaldloven § 11 om at tiltakshavar skal dekke kostnader ved miljøforverring er mindre relevant her, då det ikkje er spesielle naturverdiar ein må ta vare på. Det er likevel tiltakshavar sitt ansvar å gjennomføre tiltaket med miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å avgrense skade på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldloven § 12. Ut frå kunnskapen som er tilgjengeleg vil ikkje tiltaket forverre eller øydeleggje leveområde for trua eller nær trua artar, heller ikkje saman med andre påverknader. Prinsippet om samla belastning i naturmangfaldloven § 10 blir derfor ikkje nærare vurdert.

Viss du følgjer vilkåra i løyvet meiner vi at tiltaket ikkje vil bidra til nemneverdig spreieing av forureining. Det er søkjar sitt ansvar å gjennomføre tiltak for å unngå partikkelspreieing i området. Vi vurderer miljøulempene ved tiltaket som små, og gir derfor løyve.

Risikoklasse

Ut frå opplysningane gitt i søknaden klassifiserer Fylkesmannen tiltaket i risikoklasse 4. Klassifiseringa er eit uttrykk for risikoen og er avhengig av forventta forureining frå tiltaket og kvaliteten på sjøområdet. Det er valt risikoklasse 4 fordi det er eit lite tiltak som skal gjennomførast i eit område der det truleg ikkje er forureina. Risikoklassen er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgast risiko. Risikoklassen angir forventta ressursbruk og gebyrsats ved eit eventuelt tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tek gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningsloven og tilhøyrande forskrifter. På bakgrunn av dei opplysningane som vart gitt i søknaden og at Fylkesmannen bruker små ressursar på saken, er søknaden plassert i gebyrsats 4 (lågaste sats). Det betyr at sækjar skal betale 20 600 kroner i gebyr for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 viss du vil lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjering

De plikter å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningsloven § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningsloven § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekke løyvet tilbake.

Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. At det er gitt løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som kjem av forureininga, jf. forureiningsloven § 56.

Retten til å klage

De kan klage på løyvet, inkludert vedtaket om gebyrsats og plassering i risikoklasse, til Miljødirektoratet. Partar i saken og andre med spesielle interesser, kan også klage på løyvet, jf. forvaltningsloven § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at ein er gjort kjent med vedtaket. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Henriette Ludvigsen e.f.
overingeniør

Silje Tingstad
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Bergen og Omland friluftsråd
Fiskeridirektoratet Region Vest
Bergen og Omland havnevesen
Lindås kommune
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum